



Status og råd


Bestanden er i god stand og over langtidsgjennomsnittet (1946–2008). Gytebestanden er veksende og på eit historisk høgt nivå.

Fiskeri

Totalkvoten for 2008 var 430 000 tonn. Total internasjonal fangst var 464 000 tonn, inkludert eit overslag for urapportert fiske på 15 000 tonn. Norsk fangst utgjorde 197 000 tonn i 2008. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøyane, Spania, Storbritannia, Island, Grønland, Tyskland, Portugal, Frankrike, Polen, Kviterussland og Irland (figur). Om lag 70 prosent av årsfangsten blir tatt med botntrål. Resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa. Fisket i 2008 vert rekna som berekraftig.

Nordlegare gyting

Ein stadig større del av den gyttemodne torsken (skrei) vert fiska nord for det tradisjonelle hovudgyteområdet i Lofoten. Mykje skrei er tatt langs kysten nordover frå Lofoten til Sørøya (eit tradisjonelt gyteområde) og også på kysten av Vest-Finmark. Fenomenet er ikkje nytt; også i perioden 1930–1950 var det ei nordleg gyting. Dette veit vi frå fangststatistikkar (leveransar av rogn og torsk fordelt på område langs kysten). I perioden 1930–1950 var det varmare enn normalt i havet, slik det også er i dag, og dette trur vi er ein av hovudgrunnane til at gyteområda har flytta seg nordover.



Utvikling av fangstar av nordaustarktisk torsk. Raud del av søylene viser norsk fangst, grøn del andre lands fangst, og blå del IUU-fiske.

NORDAUSTARKTISK TORSK

Torsk – *Gadus morhua*

Andre norske namn: Skrei, jedd, jadd, bruning

Familie: Torskefamilien

Maksimal storleik: 169 cm og 55 kg

Utbreiing: Den varme sida av Polarfronten i Barentshavet

Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen

Gytetidspunkt: Februar–april

Føde: Fisk

Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2010: 607 000 tonn,

norsk kvote: 257 045 tonn

AVTALT KVOTE 2009: 525 000 tonn,


norsk kvote: 222 100 tonn

FANGST 2008: 464 000 tonn,

norsk fangst: 197 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI: Ca. 3 milliardar kroner

(gjennomsnitt siste ti år)



Fakta om bestanden:

Torsk er ein rovfisk tilknytta botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefelta for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i februar–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, der yngelen botnslår seg seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76° nord og 50° aust). I varme år går utbreiinga lenger nord og aust. Såleis fann ein hausten 2009 torsk heilt nord til 81°N (nord for Svalbard) og aust til 57°Ø (ved sørspissen av Novaja Semlja).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyane, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanteren. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.